

# Årsrapport | 2013

---



Barneombodet sin årlege  
rapport til  
Barne-, likestillings- og  
inkluderingsdepartementet

## BARNEOMBUDET

## **Innhald**

1.	Innleiing .....	3
2.	Mål og resultatoppnåing .....	3
a.	Førespurnader og utsegner på brev og e-post.....	3
b.	«Klar melding inn» - ne: «Spør Barneombudet».....	3
c.	Medieoppslag og Sosiale medier.....	4
d.	Uromeldingar til barnevernet .....	5
e.	Bruk av innsynsretten.....	5
f.	Høyringssvar frå Barneombodet .....	5
g.	Informasjonsarbeid/foredrag/publikasjonar .....	5
h.	Fråsegner til offentlege styresmakter .....	6
i)	Tal på begynte og gjennomførte prosjekt .....	7
j)	Innspel til offentlege utval.....	7
k)	Rapportering på mål for verksemda 2013.....	7
	Barnefaglege mål.....	8
	Administrative mål .....	11
	Kommunikasjonsmål .....	12
22.	Administrative forhold .....	12
	Sosiale omsyn i samband med offentlege innkjøp.....	12
	Universell utforming.....	12
23.	Rapportering og resultatoppfølging .....	12
a.	Rekneskap 2013.....	12
24.	Anna rapportering .....	14
	Risikovurderingar .....	14
	Personalforvalting og internkontroll .....	16
	Aktivitets- og greiegjeringsplikter .....	16
	Varslingsrutinar .....	17

## **1. Innleiing**

Det går fram av lova om barneombod at Barneombodet sine overordna oppgåver er å fremje barn sine interesser i samfunnet, og følgje med på om lovverket, forvaltinga og rettspraksisen samsvarar med dei pliktene Noreg har etter FNs konvensjon om barnerettane. Barneombodet skal etter instruks § 8 kvart år rapportere til Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet om verksemda i det føregåande året.

## **2. Mål og resultatoppnåing**

### **a. Førespurnader og utsegner på brev og e-post**

På brev og e-post fekk vi i 2013 inn 3374 førespurnader, mens vi sende ut 2132 brev og e-postar. I alt har vi tatt i mot og ekspedert 5506 brev og e-postar.

Dokument	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Inngående dokument	3245	3403	3258	3560	4077	3374
Utgående dokument	2065	2005	2155	2142	2413	2132
Total mengde dokument	5310	5408	5413	5702	6490	5506

### **Telefonførespurnader**

I 2013 vart 1788 telefonar registrert inn til vårt sentralbord. Nokre av telefonane førte til skriftlig oppfølging av rådgjevarane våre. Resten fekk eit kort svar eller vart vist vidare til andre instansar. Vi har oppretthalde telefonbeskjeden på sentralbordet som oppmodar vaksne privatpersonar om å vende seg skriftleg til Barneombodet, anten per brev eller e-post.

### **b. «Klar melding inn» - no: «Spør Barneombudet»**

I september 2013 fikk Barneombodet ny nettside. Hovudmålgruppa for den nye sida er barn. «Klar melding» har endra namn og heiter no «Spør Barneombudet». Omlegginga av sida førte til ei stor auke i talet på spørsmål til Barneombodet.

Meldingane fordelte seg på kategoriar på denne måten:

Område	2011	2012	2013 - til september
Familie	46	60	30
Barn og unge sine rettar	23	35	36

Foreldre som ikkje bur saman	29	35	30
Kva bestemmer foreldre	32	30	33
Skole	63	160	109
Mobbing	20	40	18
Fritidsaktivitetar	3	15	3
Pengar og jobb	22	30	10
Venner	8	40	3
Helse	9	15	9
Psykisk helse	14	30	11
Rus, dop, røyking og alkohol	10	10	2
Vald og overgrep	9	25	12
Bilete, internett og media	1	15	6
Medbestemming og påverknad	1	10	2
Barnevern	23	55	36
Andre meldingar	37	25	8
Meldingar etter ny nettside			480
Sum	325	630	1036

### c. Medieoppslag og Sosiale medier

I 2013 var Barneombodet omtalt i totalt 2874 treff i media. 1818 av desse var på nett, 1030 på papir og 26 i tv/radio. Barneombodet brukar Retriever som verktøy for medieovervaking. Den største månaden for mediedekning var i februar.

Medieoppslag			
Årstal	2011	2012	2013
Tal på oppslag	1961	2046	2874

Kommunikasjonsgruppa hos Barneombodet har i 2013 arbeidd med å lage ein ny kommunikasjonsstrategi for Barneombodet. Den blei ferdig i januar 2014, og er tilgjengeleg på nettsida vår.

Barneombodet har ei eiga Facebookside for kontakt med barn, og vi er også på Twitter og Instagram. På Facebook har vi 8880 følgjarar. Per 12.2.14 har vi 10961 følgjarar på Twitter og 2900 mentions, vi har mottatt 2900 tweets og har blitt retvittra 2500 gonger.

I 2013 heldt vi fram med planen vår for å nå Språkrådet sitt krav om 25 % nynorsk i kommunikasjon til ålmenta ut frå kontoret. Fire av medarbeidarane har vore på nynorskkurs i løpet av året, og vi har no ein nynorskprosent på 24,1 % for tekstar på nett og papir totalt. Vi har framleis ein jobb å gjere når det gjeld sosiale media.

## d. Uromeldingar til barnevernet

Vi sende sju uromeldingar til barnevernet i 2013. Barneombodet får som offentleg meldar tilbakemelding om korleis innmelde saker blir fylgde opp.

Uromeldingar til barnevernet			
Årstad	2011	2012	2013
Tal på uromeldingar	12	11	7

## e. Bruk av innsynsretten

Barneombodet sende inn krav om innsyn i 33 saker i 2013. Krav om innsyn blir vurdert etter Barneombodet sine rutinar. I forbindelse med vårt årsprosjekt 2013 kravde vi innsyn i 32 saker hos Utlendingsnemnda.

Krav om innsyn			
Årstad	2011	2012	2013
Tal på innsynskrav	5	7	33

## f. Høyringssvar frå Barneombodet

Barneombodet leverte 34 høyringssvar i 2013. Av de viktigaste kan desse nemnast:

- Høyring - NOU 2013:1 "Det livssynsåpne samfunn"
- Høring av NOU 2013:4 kulturutredningen 2014
- Høringssvar: Endringer i pasient- og brukerrettighetsloven - Rett til brukerstyrt personlig assistanse (BPA)
- Høring: Udirs utkast til ny metodehåndbok for tilsyn
- Høyring - forslag til endringar i forskrift om fosterheim
- Høyring - endring av forskrift om samvær med tilsyn etter barnelova
- Høringsuttalelse- utredning om valgfri protokoll til FNs barnekonvensjon om en klagemekanisme
- Høring - Revidering av veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler

## g. Informasjonsarbeid/foredrag/publikasjonar

Barneombodet heldt 41 foredrag i 2013.

Ein stor del av Barneombodet sitt informasjonsarbeid er opplæring i barnerettane for ulike faggrupper. Anne Lindboe har også prioritert å halde fleire foredrag i samband med satsingsområdet hos Barneombodet i 2013, «Helse på barns premissar», fleire foredrag for avgjerdstakrar og ha fleire møter med barn.

Barneombodet har i 2013 publisert nytt informasjonsmateriell om Barneombodet på bokmål, nynorsk, nordsamisk, sørsamisk, lulesamisk og engelsk.

Vi har i samarbeid med UNICEF utvikla ein forenkla barnekonvensjonsplakat og eit skuleopplegg om barnekonvensjonen som vi ynskjer skal brukast på alle skular i Noreg. Skuleopplegget har vore brukt i samband med turneen «Barneombussen». Samstundes lagde vi 42 videosnuttar om dei ulike artiklane i barnekonvensjonen som kan brukast i skuleopplegget.

## **h. Fråsegner til offentlege styresmakter**

Barneombodet systematiserer utsendinga av brev frå Barneombodet til offentlege myndigheter. I disse breva gir vi uttrykk for våre synspunkt og uro for ivaretakinga av barn innanfor ulike sektorar av samfunnet. Slik sett er dei «fråsegner frå Barneombodet». Alle breva er publisert på nettsidene våre.

<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>
14	22	21

	<b>Tema</b>	<b>Mottaker</b>	<b>Dato sendt</b>
1.	Vold og overgrep mot barn som tema på medisinstudiet	UIO, Bergen, NTNU, UIT	2.7.13
2.	Gode rutiner for å ivareta barn som har vært utsatt for vold og seksuelle overgrep	Helse Sør-Øst, Vest, Midt-Norge. Nord	3.7.13
3.	Satsing på ungdomshelse	Helsedirektoratet	15.3.13
4.	Spørsmål om dødelighet på nyfødtintensivavdelingen ved Rikshospitalet	Oslo Universitetssykehus	3.7.13
5.	Skolehelsetjenester til barn og unge	De politiske partiene	16.7.13
6.	Anmodning om hendelsesbasert tilsyn	Fylkesmannen i Oslo og Akershus	24.4.13
7.	Barnebaser-regelverk og kvalitet	UDI	18.1.13
8.	Miljørettet helsevern i barnebaser i asylmottak	HOD	23.1.13
9.	Rett til barnehage uavhengig av oppholdsstatus	KD	30.1.13
10.	Anmodning om informasjon om barn i politiarresten	POD	19.6.13
11.	Styrking av familievernet	De parlamentariske lederne på Stortinget og familie og	14.2.13

		kulturkomiteen	
12.	Spesialundervisning på videregående nivå på Svalbard	KD	13.3.13
13.	Anonym retting av prøver	Fylkesmannen i Oppland	19.7.13
14.	Bekymring for situasjonen til elever som krenkes i skolen	KD	11.2.13
15.	Bruk av tvang i skolen	KD	21.1.13
16.	Universell utforming i skolen	KRD	19.8.13
17.	Anmodning om tilsyn med Troms fylkeskommune	Fylkesmannen i Troms	18.10.13
18.	Brev til om skoleskyss for rom-barn	Utdanningsetaten i Oslo	29.10.13
19.	Innspill av temaer for landsomfattende tilsyn i 2015 og andre tilsynsaktiviteter i 2014	Statens helsetilsyn	1.9.13
20.	Anmodning om tilsyn	Fylkesmannen i Oslo og Akershus	16.12.13
21.	Akuttplasseringer i barnevernet	Bufdfir	1.2.13

### i) Tal på begynte og gjennomførte prosjekt

I 2013 gjennomførte Barneombodet fire store prosjekt:

- a) Barneombussen - heile 2013
- b) Helse på barns premisser - mars 2013 til mars 2014
- c) Nytt sakshandsamingssystem - desember 2012 til juni 2013
- d) Ny nettside - januar 2013 - september 2013

Prosjekta blir nærmere skildra under punkt f. I alle prosjekt har det vore nytta prosjektstyringsverktøy med risikohandsaming og tett oppfølging frå leiinga.

### j) Innspeil til offentlege utval

I 2013 ga Barneombodet innspeil til Djupedalutvalet. I innspeilet deler vi våre erfaringar frå arbeidet med psykososialt skolemiljø, og gir anbefalingar til utforminga av framtidig politikk på området.

### k) Rapportering på mål for verksemda 2013

Mål og strategiar for 2013 - rapportert inn til BLD mai 2012, jf. Prop 1S.

## **Barnefaglege mål**

- a) **Barneombodet har ivaretatt barn sine rettar på alle samfunnsområdet, og særskilt sytt for at styresmaktene rettar seg etter anbefalingane frå FNs komité for barnerettane.**

### **«Helse på barns premisser»**

Barneombodet valde i 2013 å ha eitt stort fagleg fokusområde. Vi starta arbeidet med å definere kva dette skulle vere allereie hausten 2012. Valet fall på «Helse på barns premisser», delt opp i fire temaområder: kommunale helsetenester til barn og unge, helsesituasjonen til barn med fluktbakgrunn, barn på sjukehus og helsetilbodet til barn utsette for vald eller overgrep. Dei fleste tilsette har vore involvert i prosjektet. Rapporten frå prosjektet blir lansert den 6. mars, og vi kjem med ei rekke anbefalingar til myndighetene.

I tillegg til dette store prosjektet har vi arbeidd mykje med andre fagsaker. Sjå oversikta over brev til offentlege myndigheter og verksemdsplanen for året for nærmare oversikt. Vi kan trekke fram nokre viktige område:

- Betring av forholda for barn i konflikt med lova - korrespondanse og dialog med myndighetene om statistikk og betre forhold for barn i politiarrest.
- Barn som opplever samlivsbrot - arbeid for å få gjennom anbefalinga i rapporten.
- Psykososialt skulemiljø - sjå nærmare skildring under spørsmål om elevane sitt psykososiale skulemiljø.
- Innspel på rapportering til internasjonale organ - rapportering på Universal Periodic Review og konvensjonen om økonomiske og sosiale rettar.
- Barnevern - store høyringssvar.
- Internasjonalt arbeid, besøk til andre land for å promotere Barneombodet og besøk av internasjonale delegasjonar hos oss.
- Internasjonalt arbeid, mottak av delegasjonar frå ein rekkje land og besøk i ulike land for å promotere barneombodsordninga.

- b) **Barneombodet er betre kjent i barnebefolkninga.**

### **«Barneombussen»**

Då Anne Lindboe blei intervjua for barneombodsjobben, «grilla» ungdomsintervjuarane henne om kva hun ville gjere som barneombod. Ungdommane kom med ei klar utfordring til Anne: «Du må gi barn og unge meir - og betre - kjennskap til rettane sine!» Dei ynskte òg at ho, som barna sin talsperson, skulle gjere seg meir kjend blant målgruppa. Anne blei barneombod, og tok denne oppmodinga svært alvorlig. Ideen til prosjektet

«Barneombussen» blei født, og vi la ut på vegen gjennom 2013. «Barneombussen» er no også en del av det offisielle programmet for grunnlovsjubileet 2014.

Før vi kjem, får skulane tilsendt et undervisningsopplegg om barnekonvensjonen som vi har laga i samarbeid med UNICEF Norge. Sjå opplegget på våre nettsider.

Opplegget er laga med tanke på 4. – 10. trinn. Elevane får ein plakat med alle dei 42 artiklane, og ulike oppgåver knytt til nokre av desse. Vårt ønske med undervisningsopplegget er at elevane skal få ei innføring i barn og unge sine rettar, og høve til å diskutere med kvarandre og dei vaksne kva dette betyr for dei. Vi vil gjerne at elevene skal førebu nokre spørsmål dei kan stille til Anne når vi kjem på besøk. På plakaten og i undervisningsopplegget har vi tatt for oss fire av artiklane i barnekonvensjonen.

Barneombussen besøkte i 2013 13 skuler i Rogaland, Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Troms, Hedmark, Oppland og Vestfold i 2013. I tillegg møtte vi Ung i Nordland i Bodø og 135 elevar på Klepp.

### **Ungdomspanelet vårt**

Barneombodets ungdomspanel har også vore aktive i 2013. Dei har mellom anna vore med på diskusjonar om Barneombodets innspeil til Trus- og livssynspolitisk utval, dei har møtt utvalet som skulle lage ny folkehelsemelding, dei har vore med på å legge premissane for dei nye nettsida våre og dei har vore med i førebuingane til «Helse på barns preisser». Ungdomspanelet ga også innspeil til Frode Elgsem sin rapport om fordelar og ulemper med ratifisering av tilleggsprotokoll til barnekonvensjonen.

- c) **Barneombodet har oppretthalde fokuset på skolemiljø og arbeidd aktivt med oppfylginga av forslaga til forbeting som vi kom med i 2012.**

Departementet har bedt om rapportering på følgjande:

- i. Talet på saker om psykososialt skolemiljø.
- ii. Fellesstrekk ved saker som gjeld spørsmål om elevane sitt psykososiale skolemiljø.
- iii. Oppsummering som syner korleis sakene som gjeld elevane sitt psykososiale miljø blir følgd opp av Barneombodet.

Barneombodet har laga ein eigen rapport til KD om psykososialt skolemiljø for 2012 og 2013. Vi ønskte å rapportere inn til departementet kva bevillinga går til. Rapporten fylgjer som eige vedlegg til denne rapporten. Her er nokre av hovudpunktene frå rapporten:

- i. Talet på saker om psykososiale skolemiljø.

Av 487 skule- og barnehagerelaterte saker i 2013 er det registrert 76 nye skriftlege saker om elevar sitt psykososiale skule-/barnehagemiljø i 2013. I tillegg har vi hatt 127 telefonar om skule og mobbing. Sakene er ofte samansette, og ei sak som handlar om til dømes

spesialundervisning kan gjerne også handle om mobbing eller psykososialt skolemiljø. Fram til september 2013 fikk vi 127 klare meldingar om skule og mobbing. Etter at vi fikk ny nettside har vi fått ein stor auke i talet på spørsmål frå barn og unge, men vi har ikkje kartlagd kor mange av desse som er om psykososialt skolemiljø.

ii. Fellestrekk ved saker som gjeld spørsmål om elevane sitt psykososiale skolemiljø.

Det som kjenneteiknar sakene som kjem inn til Barneombodet, er at dei er svært alvorlige, og at dei ikkje blir løyst. Dei er prega av at barna verken blir hørt eller tatt på alvor når dei blir krenka på skulen. Mange av sakene har vore til behandling hos fylkesmannen, utan at dette har ført til ei løysing for barna.

Problemstillingar som går igjen i sakene som Barneombodet får, er at barn blir utsette for langvarige krenkingar gjennom utesettenging og isolasjon, og/eller fysisk og psykisk vold frå medelevar eller lærarar. Vi får også inn saker der barn har vore utsett for seksuelle overgrep i skuletida.

Sakene som Barneombodet har fått inn gjennom fleire år avdekker svært varierande lovforståing og praksis på skulane og i kommunane. Dette er også i tråd med det som er avdekket i samband med det nasjonale tilsynet med det psykososiale miljøet til elevane.

Fylkesmannsembeta har også ei svært varierende forståing av sitt eige mandat når det gjeld tilsyn og klagebehandling. Vår erfaring er at ei sak ikkje blir følgd opp aktivt frå fylkesmannen etter vedtak, eller at eit embete held saka open til situasjonen igjen er positiv for eleven. Vi tar etterhald om at vi ikkje har oversikt over lovforståinga og praksisen i alle embeta.

I dei fleste sakene vi får inn, er det lett å forstå kvifor dei som klagar er fortvila. Sakene avdekker store problem frå skulane eller kommunane si side med å forstå og bruke reglane i opplæringslova og forvaltningslova på ein riktig måte, altså saksbehandlingsfeil. Det same gjeld også for fleire av klageinstansane.

iii. Oppsummering som syner korleis sakene som gjeld elevane sitt psykososiale miljø blir følgd opp av Barneombodet.

Barneombodet sitt mandat er avgrensa, og vi har inga formell avgjerdsmakt. Vi har ikkje mandat til å avgjere mobbesaker, gjere om på vedtak eller instruere andre instansar. Arbeidet Barneombodet gjer er derfor først og fremst knytt til å gi handlingskompetanse og informasjon, og å arbeide rettspolitisk.

I Sverige har dei eit eige ombod som behandler saker om mobbing. Ombodet har høve til å bøtelegge skulane dersom dei ikkje handlar etter lova. Barneombodet i Norge har ikkje tilsvarande mandat, og kan ikkje overprøve vedtak fatta av andre instansar, jf. instruks for Barneombodet § 1. Vi går derfor ikkje inn i enkeltsaker for å uttale oss i den enkelte saka, men for å bruke sakene til å gi generelle utsegner om utilfredsstillande rettstilstand, uheldig praksis og behov for endringar.

Ein viktig del av arbeidet til Barneombodet med krenkingar i skulen har vore å svare på førespurnader som kjem inn. Dette går primært ut på å rettleie vaksne og barn om regelverket og klagesystemet, og å gi dei reiskap for å komme vidare med saka si.

Som eit ledd i arbeidet med å gi elevar og foreldre handlingskompetanse i mobbesaker har vi laga klagemalar som kan lastast ned frå nettsidene våre. Desse gir foreldre og elevar ei hjelp til å forankre klaga si i aktuelt lovverk og ein disposisjon for det viktigaste som bør være med i ei klage. I tillegg gir nettsida der malen ligg informasjon kva rettar elevane har, og pliktene som skulen og fylkesmennene har når elevane klagar.

Eit eksempel på eit konkret resultat av arbeidet med klagemalane er at bystyret i Trondheim kommune har bestemt at alle skulene skal legge ut klagemalen vår på sine nettsider. Fleire skular har også gitt uttrykk for at dette er eit viktig hjelpemiddel for å få desse sakene inn i ein saksbehandlingsmodus som er positiv for alle, og at dette bidrar til at saker blir tatt tak i raskare.

I fylgje § 4 i instruks for Barneombodet skal vi tilvise saker som kan bringast inn for eit forvaltningsorgan til vedkommande organ. Nokre av virkemidla våre er derfor å oppmøde Fylkesmannen om å gjennomføre tilsyn, og å komme med generelle utsegner basert på våre erfaringar. I 2013 har vi bede fylkesmennene om å føre tilsyn i fleire saker. Vi har også på eige initiativ varsla fylkesmannsembeta om saker som gir grunn til uro for om kommunar har eit forsvarlig system for å ivareta retten elevane har til et godt skolemiljø. Fylkesmennene i Aust-Agder, Sør-Trøndelag og Troms har mottatt slike oppmodingar.

I perioden 2013 har Barneombodet gjennomført ei rekke undervisningsoppdrag knytt til krenkingar og mobbing i skulen. Dette er både undervisning gitt til, eller på oppdrag frå fylkesmannsembete, UDIR og andre. Eksempel på arenaer der Barneombodet har vore representert er konferansar om Sjumilssteget, UDIR sin konferanse om medverknad ved tilsyn.

Både «Barneombussen» og dei nye nettsidene til Barneombodet har vore viktige for å nå fram til barn med bodskapen om retten til eit godt psykososialt miljø på skulen. Vi har diskutert temaet med alle elevane vi har møtt på turneen, og vi har brukt mykje tid på å lage gode nettsider om mobbing og andre skuletema for barn.

## **Administrative mål**

### **Nytt sakshandsamingssystem**

I 2013 har vi oppgradert sakshandsamingssystemet vårt, Public 360. Sakshandsamingssystemet hos Barneombodet var utdatert og tungvint, og blei oppgradert til ein ny og betre versjon. Totalbudsjettet for prosjektet var på 550.000,- og dei reelle kostnadene blei 515.000,-. Prosjektet førte til at sakshandsaminga hos Barneombodet blei effektivisert, med enklare løysingar og betre brukarvenleik.

## Kommunikasjonsmål

### Ny nettside

Den tekniske løysinga på drifta av nettsidene til Barneombodet var utdatert og vanskeleg tilgjengeleg. Målet for 2013 var å gå over til ei ny plattform for drift, og gjere nokre endringar i layouten på sidene. Vi ønskte å rette nettsida meir mot barn. Prosjektet var svært vellukka, og vi er svært nøgd med den nye nettsida. Talet på barn som tek kontakt med oss har auka kraftig. Prosjektet hadde ei opphavleg kostnadsramme på 500.000,-. Prosjektet ende på 630.000,-. Overskridninga skuldast i hovudsak endringsmeldingar, fotografering og bruksrettigheter til bileta.

## 22. Administrative forhold

### Sikkerheit og beredskap

Barneombodet er ei rein kontorbedrift med gode sikringsrutinar for å kome inn i lokala. Vi har i liten grad direkte «kundekontakt». Den mest vesentlege utfordringa når det gjeld sikkerheit er derfor knytt til brannberedskap. Vi har ein tilsett med ansvar for brannvern og ein vara, slik at ansvarsforholda skulle vere avklarte. Gardeigaren arrangerer jamlege brannøvingar. Heile organisasjonen har gjennomført oppfrisking av førstehjelpskurs, og vi har hjartestartar i lokala. Sikkerheit og beredskap er vidare forankra i HMS-arbeidet der leiinga arbeider tett opp mot verneombodet. Når det gjeld datasikring, er dette varetatt gjennom trygge avtaler med eit eksternt firma der maskinpark, system og data er lagra utanfor kontoret.

### Sosiale omsyn i samband med offentlege innkjøp

Barneombodet har ikkje gjort innkjøp der det kan være høg risiko for brot på grunnleggande menneske- og arbeidstakarrettar. Vi har såleis ikkje stilt slike krav i dei innkjøpa vi har gjennomført i 2013.

### Universell utforming

Barneombodet flytt inn i nyoppussa lokale desember 2011. Ved innkjøp og ombygging av lokala blei det lagt stor vekt på universell utforming. På dette punktet er vi derfor i tråd med gjeldande reglar.

## 23. Rapportering og resultatoppfølging

### a. Rekneskap 2013

Regneskap	2009	2010	2011	2012
Lønns- og personalkostnader	7 118 000	9 026 000	9 105 000	10 759 000
Maskiner, inventar, utstyr	123 000	465 000	132 000	785 000

Forbruksmateriell	358 000	447 000	267 000	1 213 000
Reiser, representasjon	761 000	756 000	523 000	938 000
Kontortenester	1 141 000	1 323 000	1 317 000	1 071 000
Informasjon	309 000	522 000	671 000	534 000
Bygningsdrift/lokalleige	1 412 000	1 515 000	1 539 000	1 671 000
<b>Sum</b>	<b>11 223 000</b>	<b>14 054 000</b>	<b>13 554 000</b>	<b>16 971 000</b>

<b>Rekneskap</b>	<b>2013</b>
Lønn	9 684 000
Anna oppgåvepliktig godtgjersle	13 000
Arbeidsgivaravgift	1 313 000
Annan personalkostnad	115 000
Kjøp av transportmidlar, inventar, maskiner	221 000
Kostnader lokale	2 072 000
Leie maskiner, inventar ol	226 000
Verktøy, inventar, driftsmateriale	130 000
Reparasjon og vedlikehald	51 000
Kjøp av framande tenester	1 869 000
Kontorkostnad, trykksak ol	415 000
Telefon, porto	322 000
Kostnad transportmidlar	1 000
Kostnad og godtgjersle for reiser, diett, bil ol	403 000
Sal, reklame, representasjon	62 000
Kontingent og gåver	24 000
Annan kostnad	3 000
<b>Sum</b>	<b>16 924 000</b>

Kontoplanen blei endra f.o.m. 1.1.2013, og følgjer Statens kontoplan. Rekneskap for tidlegare år er ikkje omarbeid, og spesifikasjonane i 2013-rekneskapet på kontogruppenivå er ikkje samanliknbart med tidlegare år.

Barneombodet investerte i nye nettsider og oppgraderte saks- og arkivsystemet i 2013. Begge prosjekta blei finansiert innanfor årets budsjett. Sjå nærmere omtale under «Administrative mål» og «Kommunikasjonsmål» ovanfor.

## **24. Anna rapportering**

### **Risikovurderingar**

Barneombodet lagar kvar desember ei risikomatrise for året som kjem. Denne matrisa går vi gjennom på leiarmøte seks gonger i løpet av året. Da vurderer vi dei ulike risikomomenta, kor sannsynleg det er at risikomomentet inntreff og konsekvensen om det skjer. Gardering og tiltak blir vurdert ut frå dette. Under viser vi utgangspunktet for risikovurderinga 2013, som blei brukt gjennom året.

Nr	Risiko	S	K	S'K	Konsekvens	Gardering /tiltak	Kommentar	Risiko forventet eliminert	Risiko eliminert	Status	Ans.
Relativt nytt ombud											
1	Bruker mye tid på innkjøring på ulike saksfelt	5	3	15	Forstyrrer det daglige arbeidet slik at vi ikke når målene våre	Begrenser virksomhetsplanen		31.12.2013		CK	
						Bruker mer tid på å planlegge foredragsvirksomhet	GKA gir beskjed tidligere til rådgivere	31.12.2013		CK	
2	Omorganiseringer innført fra 1.1. skal sette seg og kjøres inn	5	1	5	Redusert måloppnåelse	Holde fokus på virksomhetsplan		15.03.2013		AL	
						Hyppige virksomhetsplanmøter		15.03.2013		CK	
					Uro ved kontoret	God informasjon fra ledelsen	info etter hvert ledermøte-fortsetter	15.03.2013		AL/KH/CK	
Økonomi											
	Flere store prosjekter kjøres samtidig	4	4	16	Budsjettet sprekker	Holde igjen på andre kostnader		31.12.2013		AL/WB	
						Begrense omfanget på de ulike prosjektene	løpende vurdering foretas	24.10.2013		AL/CK/WB/KH	
Personalsituasjon											
4	To menn som tar 6 mnd foreldrepermisjon	5	2	10	Løpende arbeidsoppgaver blir ikke gjort	Lage rutine for fordeling av arbeidsoppgaver i perioden		01.09.2013		CK	
						Finne vikarer, studenter		01.04.2013		CK	
Eksternkommunikasjon											
5	Bruk feil saker	2	3	6	Ikke får gjennomslag for målene våre	• Lage ny kommunikasjonsstrategi		31.12.2013		AL/komm	
6	Bruk feil medium	2	3	6		• Lage mindre kommunikasjonsplaner for ulike saker		31.12.2013		AL/komm	
7	Kommuniserer på feil måte	2	4	8	Svekker Barneombudets omdømme	• Kursing av kommunikasjonsansatte		31.12.2013		AL/komm	
8	Kommuniserer på feil tid	2	3	6		• Kursing av ombudet		31.12.2013		AL/komm	
Overgang til mer prosjektbasert arbeid											
9	Bruk mye tid på prosjekt	5	3	15	Får mindre tid til løpende arbeid	Utarbeide gode standardsvar og rutiner		01.06.2013		CK	
						God nettsider		27.09.2013		VH/CK	
						Studenter avlaster fagrådgivere		01.09.2013		CK	
10	Mangelfull styring av prosjekt	1	4	4	Prosjektene fullføres ikke, kaos og frustrasjon	Bruke prosjektstyring aktivt		20.11.2013		CK	
						Utpeke prosjektledere		01.02.2013		AL	
						Jevnlig oppdatering til ledelsen		20.11.2013		AL/CK/prosjekledere	
Stortingsvalg											
11	Nye statsråder som har ulike holdninger til Barneombudet	3	4	12	Dårligere omdømme	Invitere til bli-kjent møter		31.12.2013		AL/komm	
					Dårligere mulighet til å få gehør for viktige saker	Ta utgangspunkt i saker der vi har kjent felles agenda		31.12.2013		AL/komm	
						Tettere kommunikasjon med Stortinget		01.06.2014		AL/komm	
					Redusert budsjett	Vise god faglig tyngde		des.13		CK/AL	

## **Personalforvalting og internkontroll**

Barneombodet er ei IA-bedrift og skal nå dei tre hovudmåla i IA-avtalen (som gjeld t.o.m. 31.12.2013):

- Eit meir inkluderande arbeidsliv til beste for den einskilde arbeidstakaren, arbeidsplass og samfunnet.
- Reduksjon i sjukefråvær og uføretrygd.
- At ressursane og arbeidsevna til den enkelte medarbeidar blir utvikla og nytta i aktivt arbeid.

Det mest konkrete i IA-avtalen for tilsette hos Barneombodet er retten til 24 dagars eigenmelding og moglegheita vi har til å søkje tilretteleggingstilskot for tilsette. Vidare er det utarbeidd rutinar for oppfølging av den enkelte ved sjukefråvær. Desse rutinane er tilgjengelege via personalportalen vår, Compendia. ([www.compendiapersonal.no](http://www.compendiapersonal.no))

Det er vidare eit personalpolitisk mål at tilsette hos Barneombodet skal ha gode moglegheiter for fagleg og personleg utvikling. Barneombodet skal inspirere dei tilsette til også sjølv å ta initiativ til eiga utvikling. Barneombodet legg vekt på ein god seniorpolitikk som kan medverke til at eldre arbeidstakrar står i jobben og kan bidra med erfaringa og kompetansen sin.

Fundamentet for seniorpolitikken hos Barneombodet er følgjande:

- Seniorar kjenner at dei er ønskte og blir verdsett.
- Erfaringa og kompetansen som seniorane har blir etterspurt.
- Behov som oppstår på grunn av alderen blir varetakne og lagt til rette for.
- Seniorar over 55 får tilbod om ein ekstra utviklingssamtale per år, med vurdering av behovet for endring av arbeidsoppgåver, individuell tilrettelegging, osv. - som kan relaterast til livsfasen.

## **Aktivits- og greiegjeringsplikter**

Ifølgje rettleiaren frå FAD blir det operert med 4 ulike diskrimineringsgrunnlag som er omfatta av aktivits- og greiegjeringsplikta: kjønn, etnisitet, religiøs tilhørsel og livssyn , og nedsette funksjonsevner.

Hos Barneombodet var kjønnsfordelinga per 31.12.13 på 12 kvinner og 6 menn. Av desse var det 2 kvinner og 1 mann i leiinga. Det er relativt lite utskifting av medarbeidarar i organisasjonen, men ved alle tilsetjingar jobbar vi for å jamne ut kjønnsbalansen, og vi oppmodar personar med minoritetsbakgrunn til å søkje. To personar i organisasjonen er fødd i utlandet av utanlandske foreldre. Vi finn det ikkje relevant eller riktig å kartleggje religiøs tilhørsel eller livssyn.

## **Varslingsrutinar**

Barneombodet har nyleg utarbeidd og fått godkjent ein revidert lønns- og personalpolitisk plan. Vi er i ferd med å avslutte ei intern arbeidsmiljøundersøking for å kartlegge det psykososiale arbeidsmiljøet.

I den interne personalportalen vår står det : «Dersom arbeidstakrar blir oppmerksam på kritikkverdige forhold i verksemda har han **rett til** å varsle om dette, jf. [arbeidsmiljøloven § 2-4](#). Med kritikkverdige forhold meinast brot på lovreglar, interne retningslinjer og instruksar, eller brot på allmenn oppfatning av kva som er forsvarleg eller etisk akseptabelt. Eksempel på dette kan være trakkassering, mobbing, rusmisbruk, tjuveri, økonomisk utruskap, diskriminering etc.»